

Tallboy
(utdrag frå roman)

Therese Bakkevoll

Pasientane er rastlause. Vandrar urolig fram og tilbake i korridoren, set seg ned i ein stol, reiser seg igjen, hentar seg ein ny kopp kaffi. Pasientane med alle vrangførestillingane sine, den svulmande galskapen sin, dei tilbakevendande ønskja om å døy. Eg låser Bilal ut på røykebalkongen. Han trekk opp glidelåsen på hettajakka, stiller seg under taket og stirer ut i mørkret. Held seg fast i den glødande sigaretten som om han var ei livbøye kasta ut til ein druknande.

Regnet piskar mot dei store vindaugsflatene i teve-stua. Skylaget ligg som eit lokk over himmelen. Det er nesten umulig å sjå over til andre sida av sundet. Det er to veker til mørketid. I dag er årsdagen for senkinga. Den siste morgonen om bord før skipet velta. Novemberlufta den dagen var kald, rosa solstrålar trefte toppen av dei høge, snødekte fjella. Om bord på skipet blei kaotiske ordrar sendt fram og tilbake, flyalarmen ulte utan stans, og mannskapet sprang på post, gjorde seg klare for å svare på angrepet. Tåkeanlegget som effektivt kunne kamuflere skipet verka ikkje, og for pilotane som kom seglande utover fjorden må skipet langt der nede ha verka heilt nakent og forsvarslaus der det låg bada i det klare morgonlyset.

Janne sit i sofaen og snakkar med seg sjølv. Ho har på seg to kjolar og håret opp i ein palme. På bordet ligg eit halvete kakestykke og eit skrin med regnbogefarga sminke. Ho peikar ut av vindaugget. Eg drikk opp kaffien og set meg ned ved sidan av henne i sofaen, ho luktar kanel og sveitte. Ho mumlar, eg får bare med meg enkeltord, halve setningar: Hestar, død, kakao med krem.

Nattevaktene rapporterte:

«Pas. blei aktivt skjerma frå midnatt p.g.a. støy og uro og har vandra kvilelaust heile natta. Ingen søvn, trass fleire forsøk på å få henne til å leggje seg på senga. Roper og syng, blir irritabel ved korrigering. Blei ved eit tilfelle heldt fast av to personale etter å ha slått og sparka fleire gongar. Fikk tilbod om roande, men spytta tablettane ut på golvet og kasta vatn i ansiktet på personale. Tok i mot 15 mg Sobril kl 06.15 etter sterk oppfordring. Liten eller inga effekt.»

Ho grip handa mi og legg hovudet på skuldra. Kroppen hennar skjelv, kanskje av langvarig medisinerings eller så er det berre gamal vane, det er som ei bølge som ikkje fell til ro. Vi ser ut mot trea på nedsida av sjukehuset som vaiar frå side til side, havet som bryt med kvite skumtoppar. Det vesle dagslyset trenger liksom ikkje gjennom, landskapet blir liggande i halvmørke. Ho peikar ut av vindaugget. Eg fortel henne at ho har fingeren på vraket av verdas største slagskip. Eg fortel at skipet gikk rundt på tolv minutt og drog nærmare tusen mann med seg i djupet. At i meir enn sytti år skipet bora seg nedover i mudderet, og at det framleis flyt opp vrakbitar og restar, undervatnsruinar som skyl innover land. Ei lommebok, eit rasjoneringskort på tobakk, eit leggbein. Ho spør om vi skal dra til Syden.

Eg kokar kaffi, deler opp kokte egg, set ut ferdig oppskore brød, pålegg i eingongspakkar, mjølk, juice, yoghurt. Ein ny pasient helsar med eit nikk utan å rekke fram handa. Han klemmer ost og skinke mellom to skiver og et med beinet dirrande under bordet. Drikk mjølka i ein slurk før han heller kaffi i mjølkeglaset og tar fram ein sigarett som ligg klar bak øret. Ein rosa strikk stikk opp over kanten på buksa.

Dr. P. passerer meg på veg inn til morgonmøtet. Eit streif av innestengt luft og alkohol glir gjennom lufta. I natt drøymte eg at Dr. P. knakk opp kjeven min. Han pressa fingrane rundt haka mi og vrei slik at det knakk gjennom heile ryggrada, eg kunne høyre lyden av trillande dominobrikkar oppe i skallen. Etterpå: ei rusande kjensle av blod som endelig kunne flyte fritt.

Frå korridoren høyrer eg John sin låge, tydelige stemme som korrigerer ein pasient og ei dør som slamrar. Av og til omfamnar pasientane galskapen, fridomen. Dei slepp seg laus når vi har tatt over kontrollen og dei omsider kan senke skuldrane. Ligg med skisko i senga og trer trusa på hovudet. Nektar å sove, riv ned gardina, kommer naken ut i stua, syngjande, oppstemt. Pasientane er aldri så vakre som på sitt mest forstyrre. Eg misunner korleis dei lar seg falle igjen og igjen utan å vite om nokon tar dei i mot.